



Kommunen har no gjeve Oscar og Marit Langballe løyve til å riva våningshuset på Skorpo, som er bygd i 1828 men som er utvida fleire gonger. Eigarane er usikre på kva som er det opprinnelege huset. Bebyggd areal no er 145 kvadratmeter.

Huset har store skader av vind og ver. Det er store taklekkasjar og huset let seg ikkje lenger redde utan total hovudombyggjing eller nybyggjing. Det er SEFRAK-registrert, men let seg ikkje bevara lenger. Det er eit godt tenleg kårhus att på bruket.

Rivings-saka har vore på høyring sidan i mai og kommunen har ikkje motteke uttale til rivinga.

Oscar og Marit har restaurert sjøhus, kårhus og eldhus og har no låve og fjøs under restaurering. Dei har konsentrert seg om dei hus som dei treng for gardsdrifta. Andre former for drift er dei ikkje istand til å gjennomføra.

Av Ola Matti Mathisen